

ÅRSMELDING 2021

BORDGLEDER KINN KOMMUNE KF



BORDGLEDER



Bordgleder mettar 680 person kvar dag frå Stavanger i sør til Kristiansund i nord, 365 dagar i året. Vi har ei rekke ulike kundar, private og offentlege.

Styret i Bordgleder, som vart vald i 2019, har i heile 2021 hatt slik samansetnad:

Jacob Nødseth (styreleiar), Bjørn Løkkebø Halsnes, Torgunn Eikevik (nestleiar), Petter Refsnes, og Kathrine Agledal (tilsette sin representant).

Bordgleder driv i dag eit aktivitetsomfang som inneheld fleire kundegrupper.

Dei største er kommunen sine institusjonar og heimebuande i Kinn kommune, og ferjeselskapa Fjord1 AS, Norled AS og Boreal AS. Frå 1. desember 2021 overtok Bordgleder KF leveransar til heimebuande eldre og institusjonane også i nordre del av Kinn kommune (tidlegare Vågsøy).

Den interne leveransen har vore stabil gjennom året.

Omsetninga er delt 38,5 %/61,5% mellom kommunale (herunder heimebuande privatpersonar) og eksterne. Totale driftsinntekter i 2021 var kr 25.099.603

Bordgleder har vore opptatt av å ha ein best mogleg dialog med kundane våre, herunder særleg institusjonane i kommunen, og er opptatt av å vere på tilbodssida ved ulike arrangement i lag med kommunen sitt prosjekt «Leve heile livet», ønskje som ein kjem med frå omsorgstenesta og pårørande mv. Dette er eit arbeid vi vidarefører og forsterkar inn i 2022. Det har vist seg særleg viktig å finne måtar der samhandling og dialog om kvalitetsbetring og rutinar med våre nye samarbeidspartnarar og kundar i nordre del av kommunen, kan bli stadig betre. Dette var eit viktig fokusområde i 2021, og oppfølginga av dette er under stadig utvikling.

Levering Kinn kommune:

- Matombringing: Levering til heimebuande.
- Dagtilbod:
 - Levering dagtilbod i Florø sentrum.
 - Levering dagtilbod i Eikefjord .
 - Ressurssenteret for demensramma i Måløy (frå 1. desember)
 - Dagsenteret for miljøtenesta i Måløy (frå 1. desember)
- Institusjonane:
 - Levering til Kulatoppen omsorgssenter (frå 1. desember 2021)
 - Levering Flora Omsorgssenter
 - Levering Furuhaugane Omsorgssenter
- Markegata 55
- Levering av møtemat til kommunen (i lite omfang, og berre ved enkelte førespurnader)



Eksterne leveringsavtaler:

- Fjord1 AS:
 - Kantina ved kontoret i Florø.
 - 36 ferjer (ca 284 tilsette pr dag) i alle dei fire tidlegare fylka Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
- Norled AS
 - fire ferjer i Møre og Romsdal og i Sogn.
- Boreal AS
 - To ferjer frå januar 2021 i Møre og Romsdal.

Økonomisk resultat:

Bordgleder KF har i 2021 eit positivt netto driftsresultat (overskot) på kr 530.301 .-

Styret er godt nøgd med drifta, måloppnåinga og dei økonomiske resultata i 2021, som viser eit overskot som er 342,13 % større enn budsjettet. Det har vore stort fokus på oppfølging av rekneskap mot budsjett og å følgje med på prisfastsetting slik at prisane til kundane gjev forteneste på produksjonen og samstundes har eit fornuftig nivå. Dette har særleg vore viktig i relasjon til vår leveranse til Kinn kommune, og er noko omsorgstenesta har vore opptatt av. Ny dagleg leiar har brukt mykje tid på å gjennomgå rutinar for drift og økonomi, og har funne fleire område der ein kan effektivisere og drive meir lønsamt, utan at det går utover kvaliteten. Eit slikt strategisk og taktisk arbeid med den totale økonomistyringa i føretaket har vore viktig for styret og dagleg leiar generelt, men òg fordi dette var noko kontrollutvalet påpeika i deira førre handsaming av rekneskap og årsmelding for 2020. Vidare fokus på dette arbeidet i 2022 vil trygge den økonomiske utviklinga og handleevna over tid.

Investeringar i varige driftsmidlar kr.370.521.- som må finansieres opp i 2022 i samband med revidert budsjett.

I 2021 hadde Bordgleder KF et likviditetslån på. Kr.950.000.- ved utgangen på 2021 hos Kinn Kommune og det må byggas opp likviditets fond slik at en har midlar til dagleg drift. Disposisjonsfondet bør være i størrelse orden kr.2.000.000.- ut frå dagens omsetning.

Covid19 har i motsetning til i 2020 ikkje hatt vesentleg negativ påverknad på drifta, men det har skapt utfordringar med drift på lik linje med det pandemien har skapt for andre liknande føretak. Som døme kan ein nemnte fråvær på grunn av karantene mv. På grunn av overgang til nytt økonomisystem i Kinn kommune hadde verksemda ikkje fullverdig oversikt over sin økonomiske situasjon før september 2020. Det er framleis eit problem at dei kommunale føretaka ikkje har god nok oversikt over økonomien slik tilbodet frå rekneskapsavdelinga i dag er organisert. Styret og dagleg leiar har ved fleire høve varsla kommunedirektør mfl. om behovet for endring her. Det er i gang ein prosess som styret og dagleg leiar ventar vil føre til at ein får reell løpande kontroll med økonomien.

Tidlegare år har det vore manglande oppfølging av uteståande fordringar i form av dårlege rutinar for purring, frå rekneskapsavdelinga. Dette har vorte langt betre i 2021.



Personal og anna drift:

Bordgleder hadde i 2021 9,6 årsverk fordelt på 10 tilsette. Ein av våre tilsette har velferdspermisjon. Det er ei løpande vurdering om ein skal ta inn lærlingar i framtida, og Bordgleder er bevisst sitt samfunnsansvar i så måte. Vi har sidan hausten 2021 hatt ein elev frå Måløy vgs på utplassering, som vi er svært nøgd med. Det er viktig for Bordgleder å både bidra til den enkelte elev si utvikling og trygge grunnlaget for denne utdanninga på Måløy vidaregåande skule si framtid.

Bordgleder hadde i 2021 eit sjukefråvær på 7,1% som er samansett mellom arbeidsrelaterte belastningsskadar og ikkje arbeidsrelatert fråvær. I tillegg har fråvære på grunn av korona (karantene og sjukdom) verka inn. Med nokre enkelttilsette som har vore ute i langtidssjukefråvær slår dette negativt ut i ein liten organisasjon. Det same gjeld når personar med langvarig fråvær gradvis kjem tilbake i arbeid.

Styret og dagleg leiar har diskutert arbeidsmiljø og tiltak jamnleg og hatt ein løpande dialog med personalavdelinga i kommunen.

2021 var eit år med endringar i føretaket på personalsida. Johnny D. Jakobsen gjekk av som dagleg leiar frå årsskiftet 2020/2021. Fram til sin siste arbeidsdag i mai 2021 var han i organisasjonen for å sikre ein god overlapp med ny dagleg leiar Halvor J. Halvorsen.

Covid19-situasjonen førte til at ein del av utviklingstiltaka i føretaket, som nye lokaler for kjøkkenet, implementering av nytt dataprogram og dialog med kjøkkentenesta i Måløy-delen av Kinn kommune vart utsett frå 2020 til 2021. Også i 2021 har koronasituasjonen, samt arbeidet med å levere mat til Vågsøy, ført til at planar har vorte utsett. Vi har no innført nytt datastyringssystem for produksjon og leveranse, og held på med planlegging av nytt kjøkken.

I samband med budsjettprosessen i desember 2020 foreslo kommunedirektøren at Bordgleder skulle ta over leveransane til Vågsøy, utan at Bordgleder var informert om dette på førehand. Dette skapte unødig støy og uro, og vart ein annan prosess en vi hadde håpa på. Dette set eit tydeleg preg på dei tilsette i føretaket.

Utkjøp bil 2021 er grunngjeve med meirkostnad med tilbakelevering var så høg at det var vurdert at det var økonomisk forsvarleg å kjøpe den ut og selje den. Salet blir gjort i venter/vår 2022.

Bordgleder KF registrerer avvik gjennom året. Slik vi vurderer det er avvik som er meldt av meir eller mindre bagatellmessig karakter, som meir handlar om å betre rutinar og dialog med omsorgstenesta. Bordgleder har ingen vesentlege avvik i 2021.

Arbeid med etikk, likestilling mv.

Jamfør kommunelova § 14-7 har styret to kvinner (herunder nestleiar) og tre menn, og er såleis kjønnsbalansert. Av dei tilsette er det fire menn og seks kvinner. Tillitsvald er kvinne. Dagleg leiar arbeider målretta for å sikre eit fullt ut forsvarleg arbeidsmiljø tufta på allmenne forventningar til likestilling mv. slik det m.a. framgår av aktivitetsplikta etter likestillings- og diskrimineringslova § 26.

I 2021 har det vore gjennomført kurs for dei tilsette i regi av Leni Klakegg og Leni Stensvoll, med fokus på etisk refleksjon og medarbeidarskap. Oppfølging av dette arbeidet er planlagt i 2022. Bordgleder har eit stort fokus på berekraftig drift også i eit miljøperspektiv. I 2021 fekk vi vår første el-bil, kalla Sids-EL. Varaordførar Sidsel Kongsvik (Sp) stod for avduking av bilen hausten 2022 (sjå bilete på framsida).


Vidare utfordringar i 2022 :

- Følgje med prisutviklinga på mat i forhold til vedtekne utsalsprisar og justere desse ved behov. Matvareprisane er venta å auke vesentleg i 2022, noko som gjer at justering vil kunne måtte skje oftare enn før.

- Vidareutvikle rutinar for samhandling og dialog med øvrige tenester i Kinn kommune, både kundar (t.d. institusjonane) og leverandørar (t.d. rekneskapsavdelinga).
- Forhandle med eksterne kundar, for vidare leveringar i åra som kjem. Ein av dei største kundane våre skal reforhandle avtalen i 2022.
- Bordgleder leverer tenester til omsorgstrengende og andre, og vi leverer til stadig flere ferjer. Føretaket er opptatt av å «ikkje gå andre i næringa» lokalt, men utvikle ei bedrift som sikrar kommunale arbeidsplassar og høg kvalitet i dei tenestene vi leverer. Den driftsforma vi har valt fører til ein «vinn-vinn» situasjon for alle, spesielt våre primære kundar. Som ein konsekvens av dette driv t.d. Bordgleder mindre med catering enn det vi gjorde før.
- Etablere faste rutiner for samhandling om menyval og kvalitetsbetring med representantar for dei eldre.
- Bordgleder har behov for meir moderne lokaler for vidareutvikling av kjøkkenet og for å stette framtidens krav til matproduksjon frå Mattilsynet, Arbeidstilsynet etc. Desse prosessane har vore utsett ved fleire høve, men er under kontinuerleg arbeid. Ein reknar med å ha sak om nytt kjøkken klart i 2022.

Styret ønsker å gje ros til alle dei tilsette for godt utført arbeid i 2021. Det er halde seks styremøte i 2021. Årsmelding for 2021 er samrøystes godkjent og vedteke i styremøte den 21. mars 2022.

Florø, 21. mars 2022



Jacob Nødseth
Styreleiar



Halvor Halvorsen.
Dagleg leiar

Torgunn Eikevik
Styrenestleiar



Bjørn L. Halsnes
Styremedlem



Petter Refsnes
Styremedlem

Kathrine Agledal
Styremedlem (tilsette sin representant)



Kathrine Agledal